
Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.

0032 Oslo

Høyringsvar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune: Utkast til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeare i sjøvatn 2013

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde i sitt møte den 08.04 2013 (sak 30/13) følgjande vedtak:


- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune er i utgangspunktet positive til at ein set fokus på miljøperspektivet i denne tildelingsrunda. Ein må likevel sjå innføringa av «grøne konsesjonar» i samanheng med prosessen med soneinndeling av kysten og endringar i næringsaktørane sin struktur. Desse prosessane grip delvis inn i kvarandre. Fristen for kva tid gjeldande løyve - som skal gjerast om til «grønt» - skal tre i kraft, bør vere minimum fire år.
- 2 Den «grøne» teknologien bør først og fremst innførast der miljøvinsten er størst.
- 3 Fylkeskommunen vil peike på at også regionar sør for Troms og Finnmark har plass for auka vekst i biomasse, utan at dette vil gå på akkord med miljøet.
- 4 Fylkeskommunen meiner at det er svært viktig å ta vare på små og mellomstore aktørar også sør for Troms og Finnmark. Dette bidreg til å oppretthalde ein differensiert næringsstruktur.
- 5 For å bidra til å oppretthalde ein differensiert næringsstruktur, bør det settast eit tak på kor mange løyve som kan tilfalle ein eigar.
- 6 Fylkeskommunen ser det som positivt at erfaringar som vert hausta gjennom dei «grøne konsesjonane» vert offentleggjorde. Slik informasjonsdeling vil på sikt bidra til å vidareutvikle miljøkompetansen både i næringa og i forvaltninga.
- 7 Fylkeskommunen tilbyr seg å stille med ein representant i faggruppa som skal settast opp av Fiskeri- og kystdepartementet for å fordele løyva.




Heile saka er å lese på:

[http://www.sfj.no/sff/k2pub.nsf/viewAttachments/C1256B3B0048DA1DC1257B390032733B!
opendocument&frame=yes](http://www.sfj.no/sff/k2pub.nsf/viewAttachments/C1256B3B0048DA1DC1257B390032733B!opendocument&frame=yes)

Med helsing


Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring


Lena Merete Søderholm
fagkoordinator havbruk/fiskeri